



Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren si tilråding til


Miljødirektoratet om

Bevaring av verdifull natur

Supplerende vern

Herdla naturreservat, Askøy kommune

Juni 2025



Innhald

1.	FORSLAG	3
1.1	Heimelsgrunnlag	3
1.2	Verneformål og verneverdiar	4
1.3	Påvirkingsfaktorar	7
1.4	Effektar av verneforslaget	8
1.5	Andre interesser	9
1.6	Planstatus	10
2.	SAKSHANDSAMING.....	10
2.1	Generell bakgrunn	10
2.2	Bakgrunn for planarbeidet.....	10
2.3	Sakshandsamingsprosess.....	11
2.4	Forholdet til frivillig vern av skog.....	12
2.5	Prosess med kommunar og grunneigar	12
2.6	Forholdet til utgreiingsinstruksen.....	13
3.	VIKTIGE ENDRINGER UNDER HANDSAMINGA AV VERNEPLANEN	14
3.1	Avgrensing	14
3.2	Verneforskrift.....	14
4.	OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLIGERE VERNEVEDTAK	15
5.	FORVALTING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR.....	15
5.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	15
5.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	16
6.	MERKNADER TIL VERNEFORSLAGET	16
6.1	Samandrag av høyringsuttaler	16
7.	TILRÅDING	27
7.1	Området vi anbefaler verna.....	28
7.2	Endringar vi tilrår	28

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Herdla naturreservat i kommunane Askøy og Alver i Vestland fylke i medhald av naturmangfaldlova. Vi foreslår at dagens fuglefredingsområde blir inkludert i naturreservatet, i tillegg foreslår vi ei utviding av det eksisterande verneområdet og endra vernereglar.

Tilrådinga omfattar ca. 1 km² med nytt verneareal. I tillegg foreslår vi at om lag 55 daa med sjøareal heilt vest i det som no er fuglefredingsområde og om lag 122 daa med sjøareal heilt sør i dagens fuglefredingsområde tas av verneområdet.

Det nye naturreservatet blir totalt 5140 daa.

- Sjøareal: 3852 daa
- Landareal (inkl ferskvatn): 1288 daa

I tillegg foreslår vi endring i vernekart og verneforskrift for:

Herdla naturreservat med tilliggande fuglelivsfredning, Askøy og Alver kommunar, Vestland fylke.

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått verna i medhald av naturmangfaldlova § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfaldlova § 33, mellom anna bokstavane

a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),

b (arter og genetisk mangfald),

c (trua natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).

e (områder med særskilte naturhistoriske verdiar),

g (økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt),

h (referanseområde for å følge utviklinga i naturen).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.*

- *Ingen trua arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast.*

Utviding av verneområdet på Herdla bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområde-nettverk, jf. òg naturmangfaldlova § 33 bokstav g.

Ved å verne naturen mot ulike typar inngrep gir verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 33 bokstav a, b og c.

1.2 Verneformål og verneverdiar

Føremålet med forskrifta er å ta vare på våtmarksområde og marine grunnvassområde som har særskilt betydning for biologisk mangfald. Det skal takast vare på trua natur og verdifulle geologiske førekomstar.

Dei spesielle landformane og dei enorme lausmasseavsetningane frå siste istid legg grunnlag for eit rikt og variert fugleliv med fleire trua og sårbare fugleartar. Området er viktig både som hekkelokalitet, rasteområde i trekktida og som overvintringsområde. Område med viktig næringssøks- og hekkefunksjon, både på land og i grunnvassområda, må gis eit særskilt skydd. For grunnvassområda gjeld dette både botn, vassøyle og vassoverflate. Det finst og trua naturtypar i området.

Det er ei målsetting å ta vare på og utvikle verneverdiane vidare.

Dagens naturreservat:

Herdla naturreservat er verna først og fremst på grunn av den viktige funksjonen området har for fuglelivet. Herdla og dei grunne sjøområda utanfor er eit av dei aller viktigaste områda for fuglelivet i Vestland fylke.

Storparten av Herdla er bygd opp av enorme mengder lausmassar frå siste istid. Desse Herdlamorenane blir i dag rekna som dei største og mest tydelege isfrontavsetnadane i ytre Hordaland, og dei fungerer som typelokalitet for tilsvarande glasifluviale avsetnader andre stader i landet. Dei har dermed stor verdi for forskning og undervisning, og er grunnlaget for at geologien er ein viktigdel av verneføremålet.

Denne geologien og dei spesielle landformane på Herdla, legg grunnlag for eit rikt og variert fugleliv. Særleg verdi har området som rasteplass for trekkande vadefuglar og overvintringslokalitet for sjøfuglar. Trekkande vadefuglar finn mat i fjøra og på den flate, oppdyrka Herdlevalen, medan dei grunne sjøområda rundt gir gode forhold for sjøfugl som finn mat på sjøbotnen. Dei viktigaste områda for overvintrande sjøfugl er Herdleflaket, sjøområdet like nord for Herdlevalen, og det smale og grunne sundet mellom Herdla og Lamøy. I ein rapport utarbeidd av Havforskningsinstituttet frå 2024 (Havforskningsinstituttet 2024 - Beskrivelse av gruntvannslokaliteter ved Herdla og Lysekloster, Vestland fylke, juni 2024), blei det peika på at området mellom Herdla og Lamøy er eit område som relativt skjerna og svært artsrikt i et område som elles er svært straumutsett. Området gir le og kan

derfor fungere som viktige beiteområde for dykkande fugl og fisk. Desse fuglane treng fred, særleg i vinterhalvåret. Særleg for sjøender er det få alternative lokalitetar, og Herdla er difor eit svært viktig område for desse.

På Herdleflaket og kringliggjande område overvintrar mellom anna ærfugl (VU), havelle (NT), svartand (VU), sjøorre (VU) og horndukkar (VU). I tillegg er det gode førekomstar av storskarv (NT).

Som hekkeområde har området tradisjonelt ikkje vore like viktig, men vipe (CR), raudstilk (NT) og sandlo er no årevisse hekkeartar på Herdla. Det hekkar og 1-2 par med gravand fast ved Herdla, som den einaste plassen fylket.

I områda rett nord og rett sør for fugletårnet, og vestover mot Prestvika er det reetablert våtmarksdammar (2010), og i eit område på 39 daa, rett nord for fugletårnet, er landbruksverksemd tilpassa slik at fuglelivet blir prioritert. Desse områda er svært viktige næringsøk-område for trekkande fugl, og områda har og viktig hekefunksjon for ein del fugleartar.

I områda rett nord for Ytste Valen er det registrert ålegrassamfunn (Med metodikken DN-handbok 19 – Marine naturtypar).

Landarealet i dagens naturreservat er kartlagt med metodikken «naturtypar i verneområde etter miljødirektoratet sin instruks». Det aller meste av arealet i naturreservatet er kartlagt som åker- og kunstmarkseng og konstruert fastmark. Resten av området er registrert som strandeng og strandsump, stein-, grus- og sandstrand, driftevoll, eufotisk ferskvassblautbotn, strandberg, konstruert botn og mark i fjæresona. Eit område nord på Småkalsøyna er registrert som seminaturleg eng, som er ein trua naturtype (VU).

Artsmangfaldet av karplanter i det meste av naturreservatet er ikkje stort sidan mykje er dyrka mark, men på strandengene på Urneset og på den semi-naturlege enga nord på Små-Kalsøy er det registrert ein del beitemarksopp. Mellom anna er den nær trua (NT) arten lutvokssopp funne i den seminaturlege enga.

Områda der vi foreslår omgjerung frå fuglefredingsområde til naturreservat:

Lamøy ligg rett søraust for Herdlavalen. Her har vi fjerna planteskogen, mellom anna for å legge til rette for at øya skulle kunne fungere som eit alternativt hekkeområde. Sidan det er så mykje aktivitet på sjølve valen er det få hekkemoglegheiter her. Lamøy ligg svært strategisk til i forhold til matfatet på Herdlevalen og i Lamsundet. Dei siste åra har det årleg blitt observert vipar her men vi veit enno ikkje i kva grad området faktisk er tatt i bruk som hekkeområde.

Lamøy er no kartlagt som kystlynghei med B-verdi (med metodikken DN-handbok 13), og har dermed status som Utvald naturtype etter Naturmangfaldlova. I vassområda vest for Ringholmen er det registrert større tareskogførekomstar med stortare (Med metodikken DN-handbok 19 – Marine naturtypar).

Områda der vi foreslår utviding:

Stora Agnøyna og Naustøyna er kartlagt som kystlynghei med B-verdi (med metodikken DN-handbok 13), og har dermed status som Utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Kystlynghei er ein naturtype som er lite representert i verneområda i Noreg i dag. Også i desse områda har vi fjerna gran og sitkagran. Vi har eit håp om at også desse områda skal kunne fungere som alternative hekkeområde, men vi har ikkje oversikt over i kva grad dette er tilfelle i dag.

I vassområda nord for Prestholmen og Stora Agnøya er det registrert større taeskogførekomstar med stortare (med metodikken frå DN-handbok 19 – Marine naturtypar).

Måloppnåing for supplerande vern

Naturtype som er foreslått vernet - representativitet	Areal av naturtypar	Trua naturtype, angi raudliste status	Restaureringsbehov (ja/nei og kva behov)
Kystlynghei	410 daa	EN	Ja
Semi-naturlig eng (naturbeitemark)	10,3 daa	VU	Nei
Ålegraseng	23,5 daa		Nei
Større taeskogførekomstar	Ca 350 daa		Nei

Norsk institutt for naturforskning (NINA) gjennomførte i 2010 ei evaluering av vernet i Norge. Dei konkluderte med at lågareliggande område i Sør-Noreg har vesentleg underdekning av verna areal. Dekninga av viktige naturtypar og trua og freda artar er også mangelfull. Mellom anna er det eit stort udekka vernebehov for nesten alle relevante naturtypar i kulturlandskap. Naturtypane naturbeitemark og kystlynghei har begge eit stort udekka vernebehov i gamle Hordaland fylke. I lys av dette er det positivt å få utvida verneområdet med 410 daa med Kystlynghei, som også er ein Utvald naturtype, og Semi-naturleg eng (naturbeitemark), som er ein Trua naturtype.

I Type G-02 – Undervannseng, som inkluderer utforminga Ålegraseng er det og eit udekka vernebehov, særleg i gamle Hordaland.

Raudlista artar:

Artsgruppe	Art	Raudlistestatus
Fugl	Vipe	CR
Fugl	raudstilk	NT

Fugl	ærfugl	VU
Fugl	havelle	NT
Fugl	svartand	VU
Fugl	sjøorre	VU
Fugl	horndukkar	VU
Fugl	storskarv	NT
Sopp	lutvokssopp	NT

Når det gjeld leveområde for trua artar er det og underdekning av verna areal. Gjennom denne verneprosessen har vi særleg auka delen verna areal som er leveområde for gruppa “Fugl i store, marine gruntvannsområde», som har ei stor underdekning i gamle Hordaland.

Det er og stor underdekning av verna areal som er leveområde for beitemarksopp i gamle Hordaland.

Tidlegare i år (januar 2025) publiserte Klima- og miljødepartementet ein ny handlingsplan for sjøfugl. “Nasjonal handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfuglbestandene 2025–2035” Målet med planen er at dei negative påverknadane på sjøfugl er redusert innan 2035. Planen understrekar at svært mange sjøfuglbestand i Noreg er i sterkt tilbakegang, og det vert tilrådd ei rekke tiltak. Planen er med på å bygge opp under trongen for ein del av tiltaka vi foreslår i dette arbeidet:

Regjeringa vil mellom anna:

- Iverksette tiltak for å redusere omfanget av bifangst av sjøfugl til et lågast mogleg nivå.
- Vurdere endringar i ferdslerreguleringane i prioriterte sjøfuglreservat langs norskekysten.

1.3 Påverknadsfaktorar

Dei viktigaste utfordringane i naturreservatet i dag kjem av forstyrning som følgje av ferdsle og aktiv bruk av området. Særleg gjeld dette forstyrning av fuglelivet frå ferdsle utanfor vegar og stiar som går gjennom området, og frå hundar, særleg hundar som går med lange liner og hundar som går utan band. Dette blir skildra nærmare i besøkstrategien som er utarbeidd for området. Også ferdsle (både motorisert og umotorisert ferdsle) på sjøområde som er viktige for overvintrande sjøfugl er eit aukande problem. Vi ser også at det går ein del sjøfugl som bifangst i garn og ruse i desse områda.

På øyane der vi har fjerna sitkagran (Lamøy, Stora Agnøyna og Naustøyna) ønskjer vi at det skal vere beitedyr slik at områda ikkje gror til med skog. Det er òg ønskjeleg at områda blir drivne som kystlynghei med beiting og brenning, slik at naturtypen Kystlynghei kan vidareutviklast. Det er framleis utfordringar knytt til framande artar i området. Først og fremst gjeld dette sitkagran, som blei planta ut på slutten av 1960-talet. Mykje av denne skogen er fjerna, men det står framleis att sitkagran på Litla Agnøya, buskfuru i Paddehola, og i eit felt i området mellom Heimste Valen og Herdla museum står det framleis att både norsk gran og edelgran. Dette siste feltet blir truleg fjerna i løpet av 2024.

Det kan vere aktuelt å fjerne alle desse felta, men dette må gjerast i samråd med grunneigarane. Om dette blir gjort vil også naturtilstanden her betrast

1.4 Effektar av verneforslaget

Utviding av verneområdet er med på å bidra til å fylle opp dei nasjonale måla 1.2 og 1.3 som seier at:

- 1) Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast
- 2) Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar

Vern av området vil bidra til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Dette fører til at områdene er i betre stand til å motstå endringar i klima gjennom at område blir større eller at det bidrar til at artar betre kan flytte seg i landskapet. I denne verneplanen er verneverdiane først og fremst knytt til området sin verdi for ei rekke trua fugleartar, men vernet omfattar og naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil den bidra til å bevare trua natur.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslag er innhenta i ulike registreringar og kartleggingar. (Dette er nærare skildra i kapittel 6.2)

Vern av område skal sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til betre representativitet i vernet av norsk natur. Områda vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for eit stort tal trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskrifta som vi tilrår opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan vidareførast. Tiltak som isolert sett vurderast til å ha liten betydning for verneformålet, kan likevel i sum, og over tid medverke til at verneverdiane blir forringa. For enkelte aktivitetar vil det derfor, i tråd med prinsippa om samla belastning (naturmangfaldlova § 10) vere restriksjonar, slik at naturverdiane får auka beskyttelse. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering (naturmangfaldlova § 12), samt miljøforringar betalar (naturmangfaldlova § 11) der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsett føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i følgje verneforskrifta kan vidareførast, truleg ikkje ha vesentleg negativ påverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet og dei endra vernereglane truleg vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypene, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Statsforvaltaren meiner at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldlova § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverkingssfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltaren si oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverkingssfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet vert derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

Dersom verneområdet ikkje blir utvida, vil det være andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal ivareta omsynet til biologisk mangfald.

1.5 Andre interesser

I området på land som i dag er naturreservat er det aktiv landbruksverksemd, med intensiv innmarksdrift med både slått og storfebeite.

Området er i tillegg eit svært populært område for mange brukargrupper, både til lands og til vanns. Området blir mellom anna nytta til turgåing, hundelufting, fugletitting, kajakkpadling, vindsport (vindsurfing og kiting), fiske (frå land og frå båt), dykking, sykling mm. Det er også ein del båttrafikk i området, både med småbåtar og vass-skuter. Droneflyging representerer ei ny utfordring for fuglelivet i reservatet.

Vi har avtale med dei aktuelle flyklubbane om at Herdlevælen ikkje lenger skal brukas til sivil eller militær luftfart. Sidan det tidlegare var flyplass her, og området er godt eigna for øvingsflyging med småfly, er det likevel i nokon grad slik at sivile småfly flyr lågt over området.

Fram til 1990 blei det tatt ut sand frå Herdleflaket (dei grunne sjøområda rett nord for Herdlevælen). Når dette uttaket blei avslutta i 1990 fekk grunneigarane erstatning, og det er dermed ikkje aktuelt å ta opp att uttak i det same området. Sjølv om dagens verneforskrift frå 1985 (Kap VII) opnar for at: «Forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til ... uttak av sand fra sjøbunnen etter godkjent plan», er det vanskeleg å tenke seg ein situasjon der det ville bli gitt løyve til dette i eit område som er så viktig for sjøfugl.

I området nord for Herdlevælen, Herdleflaket, har sjøforsvaret ei forbodssone med restriksjonar på ulik form for ferdsle, noko som avgrensar bruken av området. Forbodet er ikkje alltid respektert, og regelverket blir heller ikkje strengt handheva.

Som del av Havforskningsinstituttet si nasjonale overvaking av lakselus har Norce (Norwegian Research Centre AS) to ruser i Lamøysundet som jamleg blir sjekka med båt. Det er viktig at dette arbeidet kan halde fram slik det er starta opp.

Herdla museum har eit stort fokus på dei naturfaglege verdiane i reservatet. Museet har flott utsyn over reservatet, og dei driv aktivt med undervisning av skuleklassar og andre om desse verdiane. Dei har og naturfaglege utstillingar som varierer. Dei har tilsett ein eigen naturrettleiar på deltid.

Områda der vi foreslår utviding og omgjerung frå fuglefredingsområde til naturreservat er mindre brukt enn areala i dagens naturreservat. Areal kring Paddehola blir brukt ein del av turgåarar, men blir mindre brukt enn resten av Herdlevælen. Lamøy, Litle Agnøyane, Store Agnøy og Prestholmen har avgrensa med besøk, sidan dette er øyer, men etter at granskogen blei fjerna frå Lamøy og Store Agnøy kan det tenkast at områda er blitt meir attraktive for rekreasjonsbruk. Områda er òg tatt i bruk som beiteområde for villsau etter at skogen blei fjerna. På Lamøy og på Litle Agnøyane er det fritidsbustadar som er i bruk.

Etter at skogen blei fjerna frå Lamøy, Naustøyna og Store Agnøy er øyene tatt i bruk som beiteområde for villsau. Det er planar om å drive områda med tradisjonell lyngheidrøft her.

1.6 Planstatus

Alt landareal som ligg i Alver kommune og det meste i Askøy kommune er Landbruks-, natur-, friløfts- og reindrøftsområde-område (LNFR), i kommuneplanane sine arealdelar. I Askøy kommune er den vestlege delen av Stora Agnøyna og litt av sjøareala i vest er sett av til militært «skyte- og øvingsområde». Det eksisterande verneområdet (naturreservat og fuglefredingsområde) er vist med omsynssone naturvern (i begge kommunane), mens sjøområda som er bandlagt av forsvaret er vist med omsynssone «båndlagt etter annet lovverk. – nåværende».

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Generell bakgrunn

I januar 2022 fekk vi formelt oppdrag frå Miljødirektoratet om å førebu og gjennomføre vidare prosess med utviding av reservatet. Prosessen blei dermed gjennomført som del av arbeidet med «bevaring av verdifull natur i medhald av naturmangfaldlova kap. V for område i kategorien supplerande vern».

Arbeidet med bevaring av verdifull natur – supplerande vern er forankra i Stortingsmelding 14 (2015-2016) Natur for livet. Meldinga seier mellom anna at eit representativt utval av norsk natur skal sikrast for framtida, gjennom å verne naturtypar og økosystem som i dag er mindre godt dekkja av vern.

Viktige naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i vernearbeidet er NINA rapport 535/2010, NINA rapport 888/2012 og NINA rapport 1666/2019.

1. 2.2 Bakgrunn for planarbeidet

Herdla naturreservat med kringliggjande fuglelivsfredingsområde blei oppretta den 28. juni 1985, men området hadde då vore mellombels verna etter naturvernlova sidan 11. juni 1980. Løysinga som blei valt i 1980 var eit naturreservat som omfatta Herdlevælen til eit stykke ut i sjøen på nordsida, omslutta av eit større fuglelivsfredingsområde. Etter om lag førti år ser vi no behov for å

revidere både vernekartet og verneforskrifta for å tilpasse dei til den situasjonen som er i området i dag.

Sidan området blei verna i 1980 har bruken av området endra seg, og vi vil derfor også oppdatere dei gamle vernereglane. Det skal òg utarbeidast besøksstrategi og ny forvaltingsplan for området.

Situasjonen er endra på fleire område som påverkar forvaltinga av området, og vi vil særleg trekke fram følgjande punkt:

- **Auka bruk og nye brukargrupper.** Det er i dag mykje meir besøk på Herdla enn det var på vernetidspunktet. Sidan 1980 har òg måten vi driv friluftsliv på endra seg, og det er fleire nye former for aktivitet i reservatet som ikkje var vanlege då. Brettsegling, kajakkpadling, sportsfiske og droneflyging er døme på aktivitetar som ikkje er fanga opp av vernereglane, men som kan påverke fuglelivet på Herdla. Ei justering av vernereglane er derfor naudsynt for å møte dagens situasjon.
- **Herdleflaket.** Fram til 1990 blei det tatt opp store mengder av sand på Herdleflaket, noko som gjekk hardt ut over fuglebestandane på Herdla. Naturtilstanden på Herdleflaket har betra seg markant sidan opptaket blei avslutta, og det marine naturmiljøet er no rekna for å vere restaurert. Sidan den tid har fuglebestandane tatt seg opp, og det er naturleg å diskutere om naturmiljøet no treng meir skydd slik at vi kan ta betre omsyn til desse fuglebestandane.
- **Forsvaret si rolle.** Herdla har lenge vore viktig i militær samanheng, og forsvaret si rolle på Herdla då verneområdet blei etablert kjem tydeleg fram i dagens verneforskrift, som har opning for aktivitetar som var viktige for Forsvaret den gongen. Forsvaret si rolle i området er no endra og områda er kjøpt opp av Miljødirektoratet og Askøy kommune. Regelverket bør derfor tilpassast dagens situasjon.
- **Forvaltingstiltak som er gjennomført i området.** Det er gjennomført fleire tiltak i området som har gitt endra og betra situasjon for området. Vi nemner her mellom anna etablering av fugleobservasjonstårn i 2017, uttak av framande treslag, og ulike tiltak som har gitt gunstig utvikling for vipar i området.

2.3 Sakshandsamingsprosess

Vi varsla oppstart av prosess for å utvide verneområdet og å endre verneforskrifta for Herdla naturreservat med kringliggjande fuglefredingsområde den 24.06.2021. Vi fekk inn 11 innspel til oppstartsmeldinga. Ein tilsvarande prosess blei starta opp i 2014 men denne blei av ulike grunnar aldri vidareført.

I januar 2022 fekk vi formelt oppdrag frå Miljødirektoratet om å førebu og gjennomføre vidare prosess med utviding av reservatet. Prosessen blei dermed gjennomført som del av arbeidet med «bevaring av verdifull natur i medhald av naturmangfaldlova kap. V for område i kategorien supplerande vern».

Ved endring av verneforskrifter gjeld forvaltningslova sine regler om forskrifter i kapittel VII. Det er eit krav at saka skal vere så godt opplyst som mogleg, jf. forvaltningslova § 37. Som eit ledd i dette

blei saka sendt på høyring der aktuelle offentlege og private institusjonar og organisasjonar, fag- eller interessegrupper fekk høve til å utale seg om endringsforslaget.

Dei særlege sakshandsamingsreglane ved oppretting av verneområde i naturmangfaldlova §§ 41-46 gjeld også ved endring av verneforskrift så langt dei passer. Dette inneber mellom anna at høyringa vert sendt direkte til grunneigarane i området endringa gjeld, jf. naturmangfaldlova § 43.

Forslag til ny verneforskrift og utviding av verneområdet blei sendt til høyring 22.3.2024. Høyringa var annonsert i lokalaviser, både i papiravis og i digital utgåve. Vi hadde også oppslag om høyringa på heimesidene til Statsforvaltaren.

Frist for å komme med innspel var 15.6, men fristen blei seinare utsett til etter fellesferien.

2.4 Forholdet til frivillig vern av skog

Det blei planta sitkagran på Lamøy og Agnøyane på 1970-talet, men skogen på Store Agnøy og på Lamøy blei fjerna i 2017. Skogen står att på Litla Agnøy, og denne kan det vere aktuelt å fjerne. Dette vil ikkje vere skogsdrift som vil kaste av seg økonomisk. Arbeidet vil i så fall bli gjennomført som eit skjøtselstiltak som må finansierast av vernestyresmakta. Det er òg planta ein del bergfuru på området aust for Paddehola. Det same gjeld her; dette er ikkje drivverdig skog som grunneigar vil kunne få inntekter av. Vern av desse områda er foreslått i samråd med grunneigar, men prosessen har ikkje vore gjennomført som ein frivillig skogvern-prosess. All skog som står i området i dag er dermed framande treslag.

Det som er av skog innanfor det føreslegne verneområdet, står i område som alt er verna som fuglefredingsområde der berre fuglelivet, og ikkje vegetasjonen er gitt beskyttelse. Den føreslegne verneforskrifta seier at all vegetasjon på land er freda mot skade eller øydelegging. Men grunneigar har likevel framleis høve til å ta ut skog, både bergfuru og sitkagran, om han ønskjer det. Dette i samsvar med § 4 i verneforskrifta, som seier at vernereglane ikkje er til hinder for fjerning av vegetasjon som ikkje er stadeigen. Endring av verneform frå fuglefredingsområde til naturreservat endrar derfor ikkje grunneigar sin råderett over skogen, og det har difor ikkje vore aktuelt å gjennomføre verneprosessen som frivillig skogvern. Skogen i området er heller ikkje drivverdig, men skog som det vil koste pengar å få fjerna.

Då skogen ikkje er drivverdig, og det framleis vil vere høve til å ta ut den skogen som står i området i dag, er det dermed ikkje aktuelt å erstatte skogen gjennom denne verneprosessen.

2.5 Prosess med kommunar og grunneigar

Kommunen har vore involvert i utveljing av kandidat område før det blei starta formell verneplanprosess i medhald av naturmangfaldlova.

Statsforvaltaren har gjennom verneplanarbeidet hatt møter med Askøy kommune, og ulike brukargrupper. I høyringsperioden blei det og arrangert eit ope møte på Herdla museum der planane blei presentert og diskutert. Gjennom heile perioden har vi hatt jamleg kontakt med grunneigar, både møter om planane, og korte avklaringar på e-post og telefon.

Oversikt over viktige møter er gitt i tabellen under.

Møte	Dato	Merknad
Askøy kommune	15.2.2022	Teams-møte med tilsette som arbeider med friluftsliv, plan og miljø
Vestland Fylkeskommune:	16.2.2024	Møte med tilsette som arbeider med å utarbeide plan for ro- og padle-ruter i fylket
Grunneigar	Ulike møter gjennom heile prosessen	
Ope møte på Herdla museum	12.9.2023	
Organisasjonar		
Birdlife	Ulike møter gjennom heile prosessen	ulike møter og samarbeid om å legge til rette for vipene i området, og korleis dette skal ivaretakast i ny plan.
Vindsportmiljøet	25.2.2022	Synfaring i området saman med representantar frå vindsportmiljøet

2.6 Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med utgreiingsinstruksen. I første og andre kapittel vert verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare omtalar forslaget kort kva som kan skje med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. Samfunnsnytta av verneforslaget vert vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar. Forslaget blir også omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i vernereglar og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframlegget.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldlova § 14 er dermed oppfylt.

3. VIKTIGE ENDRINGER UNDER HANDSAMINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Avgrensing

Det er gjennomført endringar i avgrensing for eit område etter høyring. Dette er ei mindre tilpassing og gjeld ein privat hytteeigedom som er tatt ut av verneområdet.

3.2 Verneforskrift

Det er etter høyringa gjort nokre endringar i forslag til verneforskrift. Dette skuldast i hovudsak innspel vi har fått i høyringsprosessen, og vil etter vår vurdering ikkje føre til vesentleg endring av forskrifta som vart sendt på høyring. Endringane vert føreslått for å tilpasse forskrifta til korleis området er brukt i dag, og for å bøte på uføresette følgjer av å skjerpa inn ferdsleforbodet. Det er også gjort nokre få redaksjonelle endringar og retting av skrivefeil som ikkje endrar innhaldet i føresegnene.

Vi føreslår nokre tillegg i forskrifta § 4 som gjeld generelle unntak frå vernereglane. Det første gjeld høve til å setje opp gjerde knytt til drift av jordbruksareala. Verneområde omfattar areal med aktiv jordbruksdrift, og det er viktig at drifta ikkje vert unødig tynga. Vår erfaring er også at gjerding har vore med på å ta vare på verneverdiane gjennom å styre beiting og ferdsel i verneområdet. Av same årsak har vi flytta høve til å fjerna vegetasjon som ikkje er stadeigen frå dispensasjonsreglane i § 7 til generelle unntak frå vernereglane i § 4. Dette er i samsvar med praktiseringa av denne problemstillinga etter dagens regelverk, og er nærare omtala i punkt 2.4. Vi har også omformulert § 4 bokstav d, slik at det blir tydeleg at det er høve til tradisjonell drift av kystlynghei, som til dømes beiting og brenning. Dette er driftsformer som vil støtte opp under verneformålet i området og ivareta naturtypen kystlynghei, som er ein Utvald naturtype.

Då naturreservatet vil femne om sjøareal føreslår vi etter innspel frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Kystverket å ta inn standardunntaka som gjeld høvesvis drift og vedlikehald av sjøkablar og drift og vedlikehald av sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar. Som følgje av dette må vi og leggje inn unntak frå ferdslereglane for ferdsel i samband med desse tiltaka. Vi beheld samstundes høve til å søkje om dispensasjon for nye farleistiltak i § 7. Då vi ikkje kan utelukka at det kan bli behov for slike innretningar innanfor område med ferdsleforbod, føreslår vi i tillegg å legge inn unntak for dette i forskrifta § 6 som gjeld generelle unntak frå ferdslereglane. På denne måten vert slike installasjonar regulert i samsvar med standardiserte reglar for marine verneområde.

Når det gjeld fjerning av installasjonar vil dette i utgangspunktet ikkje vere i strid med vernereglane. Dersom det er aktuelt å fjerne tiltak som ligg i område med ferdsleforbod, legg vi til grunn at

naudsynt motorferdsle i samband med nytt tiltak også vil inkludere fjerning av gamle installasjonar. I andre tilfelle viser vi til den generelle dispensasjonsregelen i § 8.

Vidare meiner vi at omsynet til jordbruksdrifta i verneområdet tilseier at det bør vere mogleg å gje dispensasjon for tiltak og driftsformer som det er sannsynleg at det kan vere trong for. Bruk av drone kan i nokre tilfelle også vere ei betre driftsteknikk i samband med landbruksdrifta og anna forvaltning og oppsyn med verneområdet. Vi føreslår difor at det opnast for å gje dispensasjon for bruk av drone i samband med landbruksverksemd, forvaltning og oppsyn av området.

Den siste endringa vi føreslår i § 4 er å legge inn ei presisering av at kiting og vindsurfing er tillate i dei områda der det ikkje er ferdsleforbod. I samband med høyringa vart det gitt innspel om at forbodet mot bruk av dronar, modellfly, dragar og liknande gjorde det uklart om det var lov å drive med kiting og vindsurfing i naturreservatet. Vi meiner difor at det er vil vere oppklarande å presisere dette i føresegna som gjeld generelle unntak frå vernereglane.

Norges geologiske undersøkelse (NGU) peiker på at verneområdet på Herdla har vore nytta i samband med undervisning og forskning. Når det no vert føreslått ferdsleforbod heile året for deler av verneområdet, er det trong for å kunne gje dispensasjon for ferdsle og tiltak i samband med forskning og undervisning, og vi føreslår å ta dette inn i forskrifta § 7.

Dei konkrete endringane av verneforskrifta er omtala under i punkt 7.2.

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLIGERE VERNEVEDTAK

Vi foreslår at følgande eksisterande vernevedtak blir oppheva som følge av den nye verneplanen:

1. Forskrift 28.06.1985 nr. 1357 om fredning for Herdla naturreservat med tilliggende fuglelivsfredning, Askøy og Meland kommuner, Hordaland.

5. FORVALTING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Det meste av landareala er sett av til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område). Den vestlege delen av Stora Agnøyna og litt av sjøareala i vest er sett av til militært «skyte- og øvingsområde». Det eksisterande verneområdet (naturreservat og fuglefredingsområde) er vist med omsynssone naturvern, mens sjøområda som er bandlagt av forsvaret er vist med omsynssone «båndlagt etter annet lovverk. – nåværende».

Det blei kartlagt naturverdiar i det eksisterande naturreservatet i 2015 - basiskartlegging i verneområde. Denne registreringa er supplert som del av verneprosessen, då blei Lamøy, Store Agnøy og Naustøyna kartlagt. Marine naturtypar blei kartlagt i 2011.

Vi har nytta informasjon frå Artsobs.no for å få informasjon om fuglelivet i området.

Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslaget og annan kontakt med aktuelle partar.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for mellom anna mineralutvinning, uttak av grus, nedbygging og annan omdisponering frå natur til andre formål.

Endringane vi foreslår vil avgrense dei framtidige moglegheitene for mineralutvinning, nedbygging og annan omdisponering frå natur til andre formål i områda som blir inkludert i verneområdet. Reglane vi foreslår vil avgrense grunneigars moglegheit til uttak av sand, men denne rettigheten er alt avslutta og erstatta, så dette blir ei presisering av dagens situasjon.

Det er høve til å halde fram med dagens jordbruksverksemd. Endringane i vernereglane vil i nokon grad påverke moglegheitene for fri ferdsle i nokre område, og dette vil særleg påverke dei som ønskjer å ta med hund inn i området. Endringane vil og påverke høvet til å drive med fiske i området, dette gjeld både for næringsfiske og fritidsfiske. I områda der det er ferdsleforbod vil det ikkje vere høve til å fiske, og i resten av sjøområda vil det vere forbode å sette garn og ruser.

Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi ser at verneforslaget slik det no ligg føre har negative konsekvensar for nokre brukargrupper, men samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Det tilrådde området vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet.

Verneforslaget vil også sikre at området framleis skal vere eit viktig område for friluftsliv, både for lokalbefolkning og for tilreisande.

5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følger av utviding av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å oppretthalde verneverdiane i dei nye områda. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i deler av området, særleg om det blir aktuelt å fjerne ikkje stadeigne artar. Det vil og vere nødvendig med nytt informasjonsmateriale for å gje publikum god informasjon om endringane.

6. MERKNADER TIL VERNEFORSLAGET

6.1 Samandrag av høyringsuttaler

Vi fekk 17 innspel i løpet av høyringsperioden. Følgjande sendte fråsegn til høyringa; Arvid Merkesvik, Forsvarsbygg, Hildegunn Vardemann, Kystverket, Fiskeridirektoratet, Magne Reime og Evelyn Neppelberg, Flesland Flystasjon Flyklubb og Askøy flyklubb, Sør-Norges Fiskarlag, NGU, NVE, ”

Regn plan AS på vegner av eigar av Herdla gård (gbnr. 42/1), Morten Bjørnstad, Naturvernforbundet Askøy, Aron Håpoldøy, Endre Kristensen, Kongelig norsk Båtforbund Region Vest, Askøy kommune, Bergen og Hordaland Turlag, Birdlife.

Høyringssvara er summert opp og kommentert enkeltvis i eit eige notat som ligg på heimesida vår. Vi les det slik at ingen av høyringssvara er negative til forslaget om utvida vern av området, men fleire har konkrete innspel til utforminga verneforskrifta og avgrensinga av verneområdet. Under er innspela summert opp tematisk og kommentert samla. Det er i hovudsak konkrete forslag som blir kommentert her.

Generelle merknader som støttar opp under forslag til ny verneforskrift

Både Askøy kommune, Birdlife Norge avdeling Hordaland, Naturvernforbundet Askøy og fleire andre stiller seg i all hovudsak bak dei justeringane vi foreslår.

1. Askøy kommune meiner at det er vesentleg at det akkurat i dette området er tydeleg at det er vern av fuglar, fugleliv og natur som er viktig og som har den definitive forrang. Kommunen støttar forslaget om ferdsleforbod på deler av verneområdet, og at ferdsleforbodet skal gjelde heile året. Kommunen ser ingen grunn til å tvile på dei faglege vurderingane og resultat av forskning og observasjonar som er gjort av både kyndige ornitologar og interesseorganisasjonane representert av FNF, forskarar med fleire, når det gjeld kva forstyrningar som har negativ innverknad på hekking og fugleliv, kva innverknad det har og omfanget av det. Kommunen er einige i at det å unngå slik negativ påverknad må veie tyngre enn omsynet til turgåarar og andre brukare i det framtidige naturreservatet, all den tid området skal og bør være eit fullverdig fuglereservat.
2. Turlaget er positive til ei utviding av naturreservatet og til dei nye vernereglane som både tek omsyn til fugleliv og naturverdiar, og gjev rom for aktivitet og ansvarleg friluftsliv.
3. BirdLife Hordaland er svært positive til forbodet mot hund. Herdla vil etter deira kunnskap bli det første naturreservatet i Norge med totalforbod mot hund, og uttalar at her følgjer vi etter våre nordiske naboland som i fleire år har hatt forbod mot hund i et utval verneområde. Elles i verden er det ikkje uvanleg å ha eit generelt totalforbod mot hund og kjæledyr i nasjonalparker og verneområde, slik er det i til dømes i Australia og New Zealand. Grunnen til desse forboda er at fleire og fleire studiar dokumenterer at det er negativt for fugl om det er hund til stade. Organisasjonen held frem at det ikkje berre er det dokumentasjon på at lause hundar har en negativ effekt, men også hundar i band er ein monaleg forstyrrande faktor. Studiet til Gomez-Serrano fra 2021 viste at turgåarar med hund uroar hvitbrystlo meir enn turgåarar utan hund er nemnt i besøksstrategien. Negative effektar av hund er også konklusjonen i ein rapport utgitt av English Nature Research Reports. Denne seier at når det er hund til stades blir fuglane uroa på lengre avstand og i lengre tidsrom samanlikna med tilsvarande aktivitet utan hund. I hekketida vil spesielt bakkehekkande arter bli uroa på lengre avstand av hund. Birdlife meiner at dette er informasjon som bør vege tungt for Herdla, og støttar opp om forslaget om totalforbod. Konsekvensane av hundelufting i et viktig hekkeområde som Herdla, kan føre til auka reirpredasjon både direkte frå hunden sjølv og indirekte frå kråkefuglar og andre fuglar når reiret blir eksponert ved forstyrningar. Det er også dokumentert negative effektar av hund på

næringssøkande og rastande fuglar, noko som for Herdla er relevant med tanke på kor viktig dette området er for slike fuglar haust og vinterstid.

Statsforvaltaren sin kommentar

Statsforvaltaren tek innspela til vitande, og vil leggje til at det i desse uttalene kjem fram gode tilleggsargument og tankar som utfyller informasjonen i våre saksdokument.

Innspel som gjeld avgrensing av området

1. Magne Reime og Evelyn Neppelberg eig ein hytteeigedom på Litla Agnøyna. Dei meiner at tomta må takast ut av det planlagde naturreservatet sidan mange av dei foreslegne vernereglane ikkje kan sameinast med ein naturleg bruk av eigedommen.
2. Naturvernforbundet på Askøy meiner at Jakobsøyna bør innlemmast i verneområdet.

Statsforvaltaren sine kommentarar

1. Det er ikkje naturverdiar i området som gjer at det er avgjerande at denne hyttetomta på Litla Agnøya blir inkludert i reservatet. Samstundes ser vi at det kan vere vanskeleg å forvalte dette området som naturreservat på lik linje med resten av området. Det har òg gjennom åra vært argumentert på ulike måtar gjennom denne prosessen, noko som har skapt forventningar om at eigendommen ikkje skal inkluderast i verneområdet.

Vi vil derfor ta ut denne eigendommen slik grunneigar ønskjer. Det skal gjennomførast kartforretning i samband med at vernegrensene skal merkes i terrenget der grensene mellom naturreservatet og hytteeigedommen blir kartfesta. No har vi trekt omtrentlege grenser i vernekartet.

2. Geografisk ser vi at det kunne vore naturleg å innlemme Jakobsøy (og Skarvøy) i verneforslaget. Vern av eit område føreset at der finnes verneverdiar som forsvare at vi legg restriksjonar på bruken av området, noko som ikkje er tilfelle på Jakobsøy. Området er grøfta og tilplanta. Øyane ligg heller ikkje innanfor område som er fuglefredingsområde, og har dermed ikkje vernestatus i dag. Vi finn derfor ikkje grunnlag for å ta Jakobsøy inn i det foreslegne naturreservatet.

Innspel som gjeld vernereglane

Ferdsle i område med ferdsleforbod

1. Fleire, både grunneigar Morten Bjørnstad, Arvid Merkesvik, Endre Kristensen og Aron Håpoldøy meiner at det framleis bør vere ope for ferdsle i Prestvika gjennom vinteren, slik det er no, eventuelt at perioden med ferdselsforbod blir utvida til 1. mars.
2. Grunneigar meiner at det må være mogleg å sykle og gå på alle vegane i området, inkludert vegen frem til fugletårnet.
3. Grunneigar er opptatt av at menneska ikkje må bli eit framandelement i naturen, men at det heller blir tilrettelagt for menneskeleg bruk.
4. Grunneigar ønskjer å mogleggjere ferdsel gjennom hele året for område C, eventuelt at området blir innsnevra slik at det framleis er mogleg å padle kajakk, kite eller køyre båt rundt Lamøy, uansett sesong. Ytterlegare avgrensingar i område C vil medføre ein betydeleg

verdiforringing for grunneigar, og spørsmål knytt til erstatning blir eit tema. Andre har og peika på at det vil bli vanskeleg å handheve eit ferdsleforbod i dette området.

5. Kongelig norsk Båtforbund Region Vest KNBF RV reagerer på at ulike aktivitetar som Statsforvaltaren burde sjå på som noko positivt for befolkninga i heile regionen, knytt til båtliv, trivsel og folkehelse i staden blir framstilt som noko negativt. Dei saknar grunngjeving for korleis dei ulike aktivitetane påverkar fuglelivet. Dei saknar og ei meir differensiert forvaltning, som speglar at ulik aktivitet påverkar ulikt på ulike tider på året. Samtidig meiner dei at det er positivt om regelverket blir forenkla.
6. Lokalt SNO har stilt spørsmål ved kva som fell innanfor forbodet om å bruke naturreservatet til 'større arrangement'.

Statsforvaltaren sine kommentarar

1. Statsforvaltaren sin vurdering er at ferdsleforbodet slik det er avgrensa i tid i dag, ikkje gir tilstrekkeleg vern for fuglelivet i området. Dagens regelverk stenger for ferdsel først 15. april, og ein god del fugl, mellom anna viktig hekkefugl som vipe, har alt etablert seg i området da, og treng fred. Det er derfor ikkje aktuelt å vidareføre dagens tidsavgrensing i område A. Eit alternativ som har vore diskutert er å utvide forbodsperioden, slik at vi får redusert dette problemet. Vi ser likevel at områda A, B og C, til saman er så viktig for så mange ulike fugleartar gjennom ulike periodar på året (jamfør skildring i kapittel 1.2), at det er ønskeleg med eit fullstendig ferdsleforbod heile året i alle desse områda. Det er fugl som brukar områda gjennom heile året. Om områda er stengt heile året vil også dette vere lettare å oppfatte for publikum, det er ikkje alle som får med seg at reglane endrar seg. Vi trur òg at dette er lettare å formidle til publikum, enn ein situasjon med ulike reglar i ulike område og på ulike tider av året. Som eit tilleggsmoment har vi derfor lagt vekt på at eit ferdsleforbod heile året i desse områda vil vere lettare å formidle, og dermed også lettare å handheve.
2. Sykling har monaleg større påverknad på fuglelivet enn det annan ferdsle til fots har, og går etter vår vurdering ikkje saman med eit naturreservat som skal verne om fuglelivet. Vi vel derfor å halde fast på vårt forslag om at sykling skal vere forbode i dei sentrale delane i reservatet. For å ta omsyn til friluftsinteressene vil det som eit kompromiss vere lov å sykle på vegen aust i reservatet, og ut til badeplassen i Paddehola. Vi kjenner ikkje til at sykling har vore utbreidd i reservatet, truleg fordi det er varierende dekke og delvis utfordrande å sykle i terrenget her. Vi ønskjer at sykling framleis skal vere ein avgrensa aktivitet i området, også om vegar i området skulle bli utbetra i framtida.
3. Det har vore vår intensjon at nokre område skal kunne brukast til rekreasjon, men vi ønskjer samtidig at andre område skal bli mindre tilgjengeleg for friluftsliv og ferdsel av omsyn til verneverdiane. Vi viser til besøksstrategien for meir informasjon om dette.
4. Lamsundet (område C) er eit svært viktig område for sjøfugl (jf. Kap 1.2), og vi ønskjer derfor å avgrense ferdsle her. Vi skjønner at dette kan opplevast som belastande og urettferdig for enkelte kajakkpadlarar og andre som brukar området, men slik vi ser det er det no i sum for mykje aktivitet i dette området. Avgrensinga er avklart med kite-miljøet, som har oppgitt at dei i liten grad nyttar dette området. Sundet er for smalt, og dei nyttar derfor området lenger sør, som vil vere ope for ferdsle. Sjølv om det kan argumenterast for at

ferdsleforbodet kan bli vanskeleg å handheve, vel vi likevel å fastsette dei reglane vi meiner er nødvendig for å verne fuglelivet i området.

Når det gjeld innspelet om at ferdslerestriksjonen for område C vil føre til verdiforringing for grunneigar, er vi usikre på kva som konkret meinast med dette. Vi kan i utgangspunktet ikkje sjå at det dei endra vernereglane vil føre til verdiforringing for grunneigar. Vi viser i denne samanheng til at regleverket slik det er foreslått både opnar for ferdslar for å komme til hytta på Lamøy, og for å drive landbruksverksemd i området.

5. Statsforvaltaren er ikkje negativ til friluftaktivitetar som båtliv, fiske og padling i seg sjølv, og ser heilt klart at dette har stor verdi for trivsel og folkehelse. Dette har vi belyst grundig i alle saksdokument, der vi presiserer at det no likevel er slik at tilleggsbelastninga er blitt for stor, i eit område der det er omsyn til fuglelivet som skal vege tyngst. Føremålet med å utvide naturreservatet og endre vernereglane, er å prioritere omsynet til naturverdiane og særleg fuglelivet i området. Dette inneber at nokre aktivitetar må finne stad på andre sjø- og friluftsområde i nærleiken. Vi meiner at bakgrunnen for denne prioriteringa er grundig belyst i saksvedlegga, men først og fremst i besøksstrategien som vi har vist til. Det er mogleg at regelverket i nokre tilfelle kunne vore meir finmaska, og at nokre ferdslereformer kanskje ikkje har like stor negativ påverknad på alle tider av året, men for å verne om fuglelivet meiner vi likevel at det er rett med ferdslereforbod heile året i område A,B og C. Som vi har nemnt over må vi ha eit regelverk som det er mogleg både å formidle og handheve, og dermed har vi landa på at eit totalforbod (sett vekk frå unntaka som er nemnt i § 6, 7 og 8) er det beste alternativet.
6. Føreseigna om forbod mot større arrangement er formulert i samsvar med Miljødirektoratet sin mal for verneføreskriftar. Vi ser det som ein fordel at føreseigna er likt formulert som andre tilsvarande verneføreskrifter. Vi ser likevel at forbodet ikkje er eintydig, og vil derfor drøfte dette nærare i forvaltingsplanen for området.

Kiting

Askøy kommune meiner det er uklart om forskrifta opnar for kiting i verneområdet, jf. §3 bokstav f som gir forbod mot “dragar og liknande” i heile verneområdet sett opp mot § 5 bokstav e som avgrensar forbodet til området A,B og C. Askøy kommune ber oss om å gjere det tydeleg korleis kiting blir regulert innanfor verneområdet.

Statsforvaltaren sin kommentar

Dette er eit godt poeng, som vi ikkje hadde tenkt på. Når vi utforma reglane var vår tanke at det skulle vere lov med vindsurfing og kiting i område der det ikkje er ferdslereforbod. Vi vil derfor presisere ved å leggje til eit generelt unntak i § 4 som seier at vernereglane ikkje til hinder for kiting/vindsurfing i område der det ikkje er ferdslereforbod.

Hund

Bergen og Hordaland turlag er opptatt av å balansere omsynet til friluftsliv og naturverdiar på Herdla. Å gå tur med hund er ein viktig del av friluftslivet og dei meiner at det vil vera uheldig å ekskludera ein stor del av turgåarane fordi dei har hund. Turlaget meiner eit totalforbod mot hund i reservatet er ei lite treffsikker forvaltning. Det er lett å forstå kva ulemper fuglelivet vert råka av

dersom hundar spring laus i deira område, og som høyringsnotatet peiker på er det også uroande effektar av hund som er i band. Likevel er det to sider ved den ny §3 pkt. c) som er problematisk:

- a. Det verkar å vere slik at dei negative verknadene av hund som spring laus, i langt band, eller i kort band, vil vera suksessivt lågare. Vidare går det fram av notatet at det er særleg viktig med ro i hekkeperioden, i tillegg til at det ikkje er same krav til ro for fuglelivet i heile det nye reservatet. Ein har med andre ord høve til å tilpassa regelverket på ein meir nyansert måte som i større grad tar vare på både naturverdiar og omsynet til friluftsliv. Turlaget vil oppmoda Statsforvaltaren om å vurdera dette, då eit totalforbod truleg vil gje ein del negativ merksemd mot noko så positivt som eit utvida verneområde.
- b. Turlaget meiner også det er verd å problematisera at ein delvis grunngjev totalforbodet mot hund (samanlikna med ei meir med nyansert tilnærming) med at gjeldande regleverk ikkje vert etterlevd eller handheva i særleg grad. Dersom ein meiner det er monaleg lettare å handheva og sikra etterleving av eit totalforbod, bør det gå tydeleg fram kvifor det er slik.

Statsforvaltaren sin kommentar:

Det er nok rett at det er gradsforskjellar på dei ulike variantane (laus hund, hund i lang line og hund i band), og at det er litt ulike grader av konflikt i ulike område til ulike tider på året. Å lage eit finmaska regleverk som fangar opp alt dette vil gje eit komplisert regelverk som ikkje vil vere hensiktsmessig verken for dei som skal forstå reglane eller for dei som skal følge det opp. Mange vil nok meine at bandtvang ville vere tilstrekkeleg for å ta omsyn til fuglelivet, og at vi kan starte med å handheve dagens regelverk, framfor å stramme inn. Men, som vi har peika på tidlegare, så ser vi i dette området at svært mange har hund i lange liner, som for fuglelivet i praksis har same effekt som at hundane går laus. Slike band kjem ikkje i konflikt med reglane om bandtvang, og det er difor naudsynt at vernereglane fangar opp dette. Vi legg og til grunn at forskning viser til at hund er ein stressfaktor for fuglelivet sjølv om dei er i kort band. For å vere heilt tydeleg på kva som er viktigast i dette området, vel vi derfor å halde på vårt forslag om eit totalforbod mot hund i reservatet. Det er alternative område som kan nyttast for dei som skal gå tur med hund. Vi viser mellom anna til at eit av argumenta når friluftsområdet ved Herdla museum blei oppretta, var at dette skulle vere eit avlastingsområde for naturreservatet.

Fiske

1. Det har kome innspel om at det bør opnast for fiske med garn og teiner på vestsida av Agnøy/Prestholmen. Det er djupare her enn i dei andre områda og det er færre sjøfugl som går i garn.
2. Naturvernforbundet på Askøy meiner at vernereglane også bør vere eit forbod mot bruk av teiner, ikkje berre mot garn og ruser.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

1. Sjølv om området på vestsida av Agnøy/Prestholm ikkje er like viktig som områda lenger sør på Herdlefaket, er dette likevel eit svært viktig område for sjøfugl. Dette er eit fuglereservat, vi må legge mest vekt på kva som er best for fuglelivet. Vi finn difor ikkje grunnlag for å endre vårt forslag om å ha eit totalforbod mot garn og ruser i heile reservatet. Vi gjer

merksam på at det framleis vil vere lov å fiske med stang, og sette teiner i område der det ikkje er ferdsleforbod. Vi viser også til at det er mange område i nærområdet der det er mogleg å sette garn og ruser.

2. Bruk av teiner gir ikkje same bifangstproblematikk som bruk av garn og ruser. Omsynet til å få ein god balanse mellom bruk og vern gjer derfor til at vi ikkje føreslår eit generelt forbod mot teiner i reservatet.

Bruk av luftfartøy

1. Forsvarsbygg meiner at verneforskrifta § 5 og § 6 bør innehalde ei presisering som også tek i vare Forsvaret sitt behov for start og landing med luftfartøy. Dei ber om at det vert gjort ei tilføyning i § 6, med ordlyden - «Start og landing med Forsvarets luftfartøy er tillatt».
2. Flesland Flystasjon Flyklubb og Askøy Flyklubb har ønske om å kunne lande på Herdlevælen i et kort tidsrom i juli månad, og ønskjer at pkt. 6 - 7 i dagens verneregjar blir vidareført, og at det utarbeidast ein samordna plan for dette.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

1. Vi kan ikkje sjå kva tilfelle det vil vere som gjer det aktuelt for forsvaret å starte/lande med luftfartøy i dette området, som ikkje blir omfatta av det generelle unntaket frå ferdslerreglane § 6: "Ferdslereglane § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd". Forsvarsbygg har heller ikkje konkretisert i kva høve dei har trong for å lette eller lande med luftfartøy innanfor grensene til det føreslegne naturreservatet. Av omsyn til å unngå forstyrringar for fuglelivet er det óg heilt sentralt å redusere høve til motorferdsel til eit minimum. Sjølv om ei opning for start og landing med forsvarets luftfartøy kan være kurant i andre verneområde, er dette ikkje tilfelle i eit naturreservat der vern av fuglelivet er eit av hovudføremålet bak vernet. Vi vel derfor å ikkje endre verneforskrifta på dette punktet
2. Den same argumentasjonen gjeld også i høve flyklubbane sine innspel med ønske om å lande på Herdlavælen i ein kort periode i juli. Vi har hatt avtale med dei ulike flyklubbane om at overflyging/lågtflyging over området ikkje skal førekomme. Dette er ikkje ei formell, juridisk bindande avtale, men einigheit om praksis, som i stor grad har vore overhalde. Når vi no foreslår at det formelt skal innarbeidast reglar om overflyging i verneforskrifta, er dette med bakgrunn i at dette er ein heilt vanlig regel i norske naturreservat, og det vil være heilt naturleg at det skal vere restriksjonar på dette i eit område som er så viktig for fuglelivet som Herdla er. Dette ville vi foreslått å endre uavhengig av tidlegare avtale med flyklubbane.

Avtalen omfatta ikkje start og landing med luftfartøy. Dette har uansett ikkje vore aktuelt, sidan det, som innsender peiker på, etter gjeldande verneregjar skal ligge ein eigen plan til grunn for slik aktivitet. Ein slik plan har ikkje blitt utarbeidd, og start og landing med luftfartøy har dermed ikkje vore tillate i reservatet. Vi foreslår no å ta punktet som gjeld høve til å utarbeide plan for start og landing med luftfartøy ut av vernereglane, da området ikkje lenger har funksjon som militært øvingsområde og småflyplass. Det er altså ikkje slik at

avtalen med flyklubbane dannar grunnlaget for at gjeldande forskrift kap. 6 pkt. 7 er tatt vekk.

Vår vurdering er at både lågtflyging og start og landing med luftfartøy vil vere svært uheldig i eit område som er så viktig for fuglelivet, uansett årstid. Vi finn derfor ikkje grunnlag for å endre forslaget vårt på dette punktet.

Tiltak i sjøområda

1. Kystverket spelte inn ved oppstart at dei ønskja generell aksept for etablering, vedlikehald og fjerning av anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar til nye vernereglar for naturreservat. Av omsyn til verneverdiane føreslo vi likevel at Statsforvaltaren, etter søknad, kan gi dispensasjon til oppføring, drift, vedlikehald og fjerning av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar. I høyringssvaret peiker Kystverket no på at dette ikkje er forsvarleg ut frå omsynet til sjøtryggleiken fordi det er svært viktig at navigasjonsinnretningane blir raskt reparert og sett i drift att.
2. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) peiker på at det går ein sjøkabel gjennom området. Det vil derfor bli nødvendig å inkludere standardføresegner for nettanlegg i forskriftene, og sikre tilkomst med båt.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

1. I lys av informasjonen frå Kystverket vil vi endre føresegnene når det gjeld vedlikehald og drift, slik at det blir eit generelt unntak for "vedlikehald og drift av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar. Når det gjeld vedlikehald og drift, ser vi at det kan vere trong for eit generelt unntak frå vernereglane for å kunne utføre tiltak i akutte situasjonar. Vi håper likevel at Kystverket informerer oss om tiltaka, og at dei styrer verksemda til dei minst kritiske periodane for fuglelivet, når det er mogleg. Når det gjeld etablering av nye installasjonar og eventuelt fjerning av slike installasjonar, kan vi ikkje sjå at det er trong for eit generelt unntak. Vi meiner at det er tilstrekkeleg at detta vil kunne gjennomførast etter søknad om dispensasjon. Dette er i samsvar med løysinga for marine verneområde. Vi viser vi til dialog på direktoratsnivå der ein har blitt samde om standardformuleringar om dette.
2. Denne sjøkabelen ligg utanfor område med ferdsleforbod, så det er høve til å gjennomføre båttransport i samband med vedlikehald og driftsoppgåver. I utgangspunktet fell slike reparasjonar inn under forslaget § 4 e) som seier at vernereglane ikkje er til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, stiar, gjerder, *anlegg og innretningar*. For å at dette skal vere heilt tydeleg, vil vi likevel innarbeide eit eige unntak for sjøkablar i verneforskrifta § 4. Formuleringa blir i samsvar med tilsvarande unntak i andre verneområde, og det vil gå frem at vernereglane ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.

Undervisning og forskning

Med bakgrunn i området sin betydning for geologisk mangfald, særleg det som gjeld den såkalla «Herdlamoren», meiner Norges geologiske undersøkelse (NGU) at det bør inn i forslag til verneforskrift at området kan opnast opp for å gi tilgang til undervisning og geologisk kunnskapsinnhenting etter søknad. Herdla har vore eit viktig område for undervisning i ei rekke fag

ved UIB. NGU opplyser også om at fleire lokalitetar på Herdla er lagt inn som geosteder i NGUs kartdatabase for Geologisk arv. Desse geostadane på Herdla er ikkje verdivurdert etter dei kriteria som gitt i Miljødirektoratets rettleiar M-1941 for å greie ut geologisk mangfald.

Statsforvaltaren sin kommentar:

Vi er klar over at dette området har stor verdi for geologisk mangfald, og sett pris på at NGU engasjerer seg i dette. Dette er også årsaka til at det er ein del av verneformålet at *det skal takast vare på trua natur og verdfulle geologiske førekomstar*.

Vår intensjon er at dette området skal kunne brukast i samband med både undervisning og kunnskapsinnhenting, både for geologar og for andre fagfelt. Området har vore, og er, eit interessant område både for geologar og for andre fagområde, og det har vore mykje både forskning og undervisning i området. Tidlegare hadde og Universitet i Bergen eigen forskingsstasjon knytt til området (der Biologen no ligg), så det er tradisjon for at dette området blir mykje brukt i vitenskapleg samanheng.

I eksisterande forskrift er det trekt frem spesielt at det skal kunne gjerast unntak frå vernereglane for vitenskaplege undersøkingar, men vi ser at dette ikkje kjem frem i føreslaget til revisjon av forskrifta. Det vil innebere at slike aktivitetar til dømes vil krevje dispensasjon etter forskrifta § 8 (naturmangfaldlova § 48) dersom det er ønskje om å gjennomføre dei i område med ferdsleforbod eller i større grupper.

Vi foreslår derfor at det blir tatt inn eit ekstra punkt i dei spesifiserte dispensasjonsreglane i § 7, der det går frem at forvaltningsmyndigheten etter søknad gi dispensasjon til ferdsle og tiltak i samband med forskning, undervisning og overvaking.

Ved krav om søknad sikrar vi ein dialog mellom utøvaren og forvaltingsstyresmakta, og ein kan legge til rette for at aktiviteten ikkje kommer i konflikt med verneverdiane, og kanalisere ferdsle utanom dei mest sårbare områda og tidspunkta.

Landbruk

1. For grunneigar er det avgjerande at forskriftsendringa ikkje hinfrar bruk av nyare teknologi som kan gjere drifta betre og meir effektiv. Nyare teknologi kan i mange tilfelle også vere meir skånsam for naturen enn tradisjonell drift, og kan bidra til betre dyrevelferd. Bruk av dronar kan til dømes redusere behovet for gjødsel, sprøytemiddel. Det kan og vere enklare å fange opp om det er et dyr som er skada og slik betre dyrevelferda. Det er derfor viktig at forskrifta ikkje hindrar bruk av dronar for kontroll av dyr, gjødsling o.l. Lokalt SNO har og kome med innspel om det bør vere eit unntak for bruk av dronar av forvaltning/oppsyn.
2. Grunneigar viser til at drenering er ein viktig del av det å drive landbruk, og unnataket frå vernereglane må også inkludere nye grøfter, ikkje berre vedlikehald.
3. Grunneigar var ikkje kjent med planane om å drive tradisjonell lyngheidrift på Lamøy, og er usikker på kva dette vil innebere i praksis. Han har i utgangspunktet ikkje ønske om å legge om driften her. Det blir også reist spørsmål ved om det er riktig at det er registrert kystlynghei med B-verdi på Lamøy, då det er berre nokre få år sidan det var sitkaskog på øya.

4. Grunneigar held fram at det er viktig at det ikkje innførast restriksjonar som førar til at det må søkjast om dispensasjon for å løyse den ordinære landbruksdrifta, til dømes for å sette opp et gjerde.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

1. Dersom ny teknologi som til dømes dronar kan bidra til meir effektiv drift og samstundes ha mindre påverknad på naturmangfaldet, vil det vere uheldig dersom verneforskrifta stengjer for dette. Vi veit i dag veit lite om korleis teknologien vil utvikle seg på dette området, og vi meiner derfor at det ikkje er aktuelt med ei generell opning i vernereglane for bruk av dronar. Dette fordi bruk av drone også kan ha stor negativ verknad for verneverdiane ved at at fuglane i området vert uroa. Vi vil i staden innarbeide ei opning for at det kan gis dispensasjon for bruk av drone til landbruksverksemd, forvaltning og tilsyn etter søknad. Eit slik løyve vil kunne gis for ein lengre periode.
2. Når det gjeld drenering er forskrifta som vi har foreslått i samsvar med gjeldande forskrift. Generelt så er det gunstig for fuglelivet om det er område som periodevis er fuktige. Av omsyn til verneføremålet er det derfor ikkje aktuelt å gjere reglane mindre restriktive på dette området enn det gjeldande forskrift er. Statsforvaltaren held difor fast på føresegnene om drenering som er føreslått.
3. Areal er registrert som kystlynghei med B-verdi i Naturbase (etter metodikken i DN-handbok 13). Det er i dag villsau som beiter i området. Lyngheidrift, med beiting og periodevis brenning av lynghei for å betre beita, er rekna for å vere den mest gunstige driftsforma for å halde villsau i eit område. Vi har derfor rekna med at dette var ønskjeleg driftsform her. I tillegg er lyngheidrift ein måte å ta vare på ein trua naturtype, noko som er gunstig i eit naturreservat.
Lyngheidrift vil og på ein god måte kombinerast med at dette er eit naturreservat der fuglelivet er ein viktig verdi, dette er ein måte å unngå at områda veks til med skog, samtidig som det blir oppretthalde (eller sett i stand) eit artsmangfald og ein naturtype som mange fugleartar trivst i. Vi kan ikkje pålegge ei slik drift, men vi ønskjer å opne for at verneforskrifta ikkje kjem i konflikt med ei driftsform vi tenkjer er gunstig for dei verdiane vi skal forvalte, og som også er den som stemmer best overeins med dagens bruk. Dersom det likevel berre er aktuelt å nytte områda til beite, vil ikkje vernereglane sette stoppe for det.
4. Reglane vi foreslo om gjerde er formulert i samsvar med det som er standarden i naturreservat, men vi ser at dette på grunn av den aktive jordbruksdrifta er lite hensiktsmessig i dette verneområdet, då det er viktig at drifta ikkje vert unødigg tungrodd. Vår erfaring er også at gjerding her har vore med på å ta vare på verneverdiane gjennom å styre beiting og ferdsel i verneområdet. Dei gjerda som frem til no er sett opp, har vore med på å beskytte område frå ferdsle, og å styre beitet på ein måte som er gunstig for verneverdiane. Vi vil derfor inkludere "gjerding" i dei generelle unntaka frå vernereglane som er knytt til drift av eksisterande jordbruksareal.

Informasjon og rettleiing

1. Det blir presisert i fleire innspel at det er viktig med god informasjon om det nye regelverket når nye reglar blir vedtekne, og at dette vil kunne redusere konflikt mellom særleg befolkningas bruk av området og behovet for kontinuerleg vern.
2. Det har kome innspel om at ferdsel kan regulerast på fleire måtar, til dømes ved skilting av turveier, noko som vil gjere det enklare å følge opp restriksjonane. Innhald og plassering av skilt kan gjerne gjerast i samarbeid med Herdla gård, slik at også restriksjonar knytt til ferdsel på innmarksbeite kjem fram.
3. Både Bergen og Hordaland turlag og Birdlife Norge oppmodar Statsforvaltaren om å ta kontakt for eit samarbeid om orientering via UT.no og via nettsider, og i tidsskriftet Fuglar i Vestland.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

Vi er einige i at varsel og informasjon om dei nye reglane er svært viktig og vi skal sikre at varsling av forskrifta når denne er vedteke skjer i tråd med regelverket. Vi ønskjer vidare å samarbeide med grunneigar og andre viktige aktørar om informasjonstiltak. Vi takkar for invitasjon til samarbeid om dette. Både Bergen og Hordaland turlag og Birdlife Norge når ut til store og viktige grupper med brukarar av naturreservatet, og det vil vere nyttig om dei kan informere om dei nye vernereglane gjennom sine kanalar.

Andre innspel

1. I løpet av høringsperioden er det etterlyst at det bør settast opp benkar i dette området, noko både dei som er rørslehemma og barnefamiliar kan ha nytte av.
2. Det bør leggst betre til rette for ferdsel langs Herdlas vestsida/rullesteinstrand, for å avlaste naturreservatet.
3. Skytebanen bør leggst ned.
4. Det må lagast ny parkering ved Herdla Golf for å auke total parkeringskapasitet på Herdla og for å unngå parkering nord mot Biologen og ute ved naturreservatet.
5. Det må settast opp boss-spenn på alle parkeringsplassar på Herdla.
6. Det må settast opp fleire toalett fordi det er mye ferdsel på øya gjennom hele året.
7. Det har kome forslag om at Agnøyane og tilgrensande øyer burde blitt hummerreservat.
8. Mye av ferdselen til Prestvika er det forvaltinga som har sørga for ved å etablere eit fugletårn like inntil Prestvika, noko som er blitt en turistattraksjon i seg sjølv. Prosessen rundt etablering av dette tårnet burde vært nærmare gjennomgått.

9. BirdLife etterlyser at bot på vernereglane i større grad må få konsekvensar, og etterlyser eit meir aktivt oppsyn i naturreservatet. Organisasjonen peiker på at sjølv om ressursane er avgrensa, må fylkets desidert viktigaste enkeltlokalitet og verneområde med omsyn til fugl prioriterast særskilt høgt. Dette gjeld ikkje minst på bakgrunn av dei mange utfordringane knytt til dei ulike brukarinteressene i området.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

1. Innspelet er ikkje direkte reletart til forslag til ny verneforskrift. Vi tek likevel innspelet til vitande, og tar det med vidare i samarbeidet med grunneigarar uavhengig av denne planprosessen.
- 2-6. Innspela gjeld tilhøve som er utanfor vårt myndigheitsområde. Vi viser til grunneigarar og Askøy kommune som rett adressat for slike innspel.
7. Vernereglane for naturreservatet vil ikkje vere til hinder for å opprette eit hummarreservat innanfor verneområdet. Det er Fiskeridirektoratet som har myndigheit til å opprette hummarreservat, og vi viser til dei som rett adressat for innspelet.
8. Vi er usikre på om det er rett at fugletårnet trekker folk til Prestvika. Hensikten var i alle fall motsett. Vi etablerte fugletårnet for at det skulle kunne være mogleg å studere fuglelivet utan å gå inn i Prestvika, med tanke på at vi lenge har hatt tankar om den regelendringa vi no foreslår. Søknad om etablering av tårnet blei handsama av byggesaksavdelinga til Askøy kommune, etter akkurat dei same reglane som andre byggverk blir handsama etter. Alle har høve til å få innsyn i denne prosessen hjå Askøy kommune.
9. Vi ser at det er viktig med eit aktivt tilsyn med naturreservatet, særleg i ein periode etter at nye reglar er vedtekne. Vi vil samarbeide med Statens naturoppsyn for å leggje til rette for dette. Vi ønskjer og eit meir formelt samarbeid med Herdla museum, først og fremst for å drive med informasjonsarbeid, noko som og vil vere svært viktig i ei oppstartsfase for nytt regelverk. Herdla museum har god oversikt over reservatet, og dei har god oversikt over dei reglane som til ei kvar tid gjeld.

7. TILRÅDING

Vi foreslår endringar som gjeld "Herdla naturreservat med tilliggende fuglelivsfredning, Askøy og Alver kommunar, Vestland fylke"

Vi foreslår at dagens fuglefredingsområde blir inkludert i naturreservatet, i tillegg foreslår vi ei utviding av det eksisterande verneområdet og endra vernereglar.

Tilrådinga omfattar ca. 700 daa med nytt verneareal. I tillegg blir 3150 daa omgjort frå fuglefredingsområde til naturreservat. Vi foreslår og at om lag 55 daa med sjøareal heilt vest i det

som no er fuglefredingsområde og om lag 122 daa med sjøareal heilt sør i dagens fuglefredingsområde tas ut av verneområdet.

Vi foreslår at dagens vernereglar blir oppheva og nye blir vedtekne.

7.1 Området vi anbefaler verna

<i>Namn</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>	
Herdla naturreservat utviding	24.6. – 30.8.2021	22.3 – 15.6.2024	

Vi viser til vedlagt kart datert mai 2025 og til vedlagte forslag til ny verneforskrift datert 11.06.2025

7.2 Endringar vi tilrår

Avgrensing

Det er gjort ei endring i avgrensing av området samanlikna med forslaget som blei lagt ut til høyring.

Hytteeigedomen på Litla Agnøyna er tatt ut av naturreservatet. Eigedomen er ikkje målt opp. Dette blir gjort i samband med kartforretning for det utvida naturreservatet, men eigdommen utgjer om lag 17 daa.

Arealmessig utgjer dette ein liten reduksjon sett i høve til den totale storleiken på naturreservatet.

Sidan vi ønskjer å avgrense ferdsle på innmark til eit avgrensa stinett (jf § 5d i verneforskrifta) har vi lagt inn det aktuelle stinettet i vernekartet.

Dobbeltsjekk dette opp mot siste versjon av verneforskrift

Verneforskrift

Vi tilrår følgjande endringar i verneforskrifta:

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

- I § 4 bokstav c blir det lagt til ei formulering som tillèt oppføring av gjerde til landbruksføremål. I tillegg blir ordet «herunder» erstatta med den nynorske vendinga «medrekna». Ny ordlyd blir:
 - *c) Drift av eksisterande jordbruksareal på innmark, medrekna gjødsling, bruk av sprøytemiddel og vedlikehald av grøfter, og oppføring av gjerder i samband med jordbruket.*
- § 4 bokstav får ny formulering utan at meiningssinnhaldet vert endra. Ny ordlyd blir:

- *Drift av kystlynghei på øyer og holmar, medrekna beiting og brenning .*
- I § 4 vert det lagt til ny bokstav g, h, i og j med følgjande ordlyd:
 - *g) Fjerning av vegetasjon som ikkje er stadeigen.*
 - *h) Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.*
 - *i) Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.*
 - *j) Kiting og vindsurfing i område der det ikkje er ferdsleforbod.*
- § 6 andre ledd bokstav d vert flytta opp, og blir fletta inn i § 6 andre ledd bokstav a. Ny ordlyd blir:
 - *a) Naudsynt motorisert ferdsle knytt til jordbruksdrift jf. § 4 b, c og d, medrekna tilkomst med båt til Lamøy.*
- I § 6 andre ledd vert det lagt til ny bokstav d med følgjande ordlyd:
 - *d) Naudsynt ferdsel, medrekna motorferdsel, knytt til aktivitetar nemnt i § 4 punkt h og i.*

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

- I § 7 vert bokstav c, d og g fjerna, og det blir lagt til ny bokstav c, f, og g med følgjande ordlyd:
 - *c) Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdsla til sjøs.*
 - *f) Bruk av drone i samband med landbruksverksemd, forvalting og oppsyn med området.*
 - *g) Ferdsle og tiltak i samband med forskning, undervisning og overvaking.*
- § 7 bokstav e blir flytta til nybokstav d, og det blir det lagt til høve til å gje dispensasjon for motorferdsle i samband med aktivitet knytt til § 4 punkt g og § 7 punkt c. Ny ordlyd blir:
 - *d) Naudsynt motorferdsel knytt til aktivitetar nemnt i § 4 punkt e, f og g og § 7 punkt c.*

Det er i tillegg gjort redaksjonelle endringar og språkkorrektur i underoverskrifta, § 3 andre ledd bokstav h, § 5 første ledd bokstav c og d, § 6 andre ledd bokstav c og § 7 andre ledd bokstav b.

Statsforvaltarens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir vernet som naturreservat med endringar i verneforskrift og vernekart etter høyringsforslaget som omtala.